

Utlysing av forskingsmidlar

Kulturbruk, publikum og deltaking

Kulturbruk, publikum og deltaking er eit forskingsprogram frå Kulturrådet som skal bidra til ny og auka kunnskap om befolkninga sine kulturvanar. Særleg viktig er det å forstå grupper som fell utanfor kulturbruken slik den blir målt i dag – og å forstå den kulturbruken som utfordrar kulturpolitikken si tradisjonelle forståinga av kultur. Forskingsprogrammet skal òg diskutere omgrepss bruk og utfordringar knytt til det å måle kulturbruk, og ho skal gi betre innsikt i rolla til kulturbrukaren i kultur- og samfunnsliv.

To delutlysingar

Det blir samla lyst ut inntil kr 10 millionar kroner. Utlysinga har to delar. Kvar av dei to delane har ulik organisering. Det er mogleg å søke om tilskot frå ei av delutlysingane eller frå begge. Søkarar må utforme individuelle søknadar til kvar del. Søknadane til dei to delutlysingane vil bli vurdert kvar for seg.

Programplan

Det er utarbeidd ein eigen programplan som ligg til grunn for utlysinga. Programplanen skildrar bakgrunn, hovudspørsmål og aktuelle tema innanfor kvar av dei to delane. Alle søkerar må, med utgangspunkt i programplanen, utforme si eiga prosjektskildring. Det blir forventa at søkerar sjølv bidrar til å formulere problemstilling og definere relevante forskingsspørsmål. Sjå krav til prosjektskildring lenger ned.

Delutlysing 1

Sjå programnotatet for skildring av tema og forskingsspørsmål knytt til delutlysing 1.

Innretning

Det blir lyst ut tilskot til eitt stort forskingsprosjekt. Prosjektet skal gjennomførast av eitt forskingsmiljø eller éi forskargruppe. Forskargruppa legg sjølv planar for korleis arbeidet internt skal organiserast og gjennomførast. Kulturrådet forventar at forskargruppa deltek på seminar og dialogmøte som blir arrangert i samanheng med forskingsprogrammet.

Kven kan söke

Både eksisterande forskingsmiljø og forskargrupper sett saman for anledninga, kan söke. Det er krav om forskingskompetanse, sjå eige punkt lenger ned. Dei ulike problemstillingane innanfor utlysinga kan krevje ulik kompetanse og innretning på forskinga. Tverrfaglege perspektiv og tverrfagleg kompetanse i forskargruppa vil vere ein fordel.

Økonomi

Det blir gitt eit tilskot på inntil kr 6 000 000 til eitt enkelt prosjekt. Tilskotet skal dekke alle kostnadane knytt til gjennomføringa av prosjektet. Kulturrådet dekker kostnadene til publisering i bokserien til Kulturrådet.

Framdrift

Tidsramma for forskingsprosjektet er frå august 2025 til desember 2028. Innanfor denne ramma er tidsplanen tentativ og vil kunne bli endra.

15. november 2024	Utlýsing av forskingsprogram
17. februar 2025	Søknadsfrist
April/Mai 2025	Søkarar får svar
August 2025	Formell oppstart av prosjektet
September 2025	Oppstartsseminar saman med forskarar i delutlysing 2
Desember 2025	Seinaste tidspunkt for reell oppstart av prosjektarbeidet
Mars 2026	Eventuelt arbeidsseminar saman med forskarar i delprosjekt 2
November 2026	Dialogmøte med forskingsutvalet
Mars 2027	Dialogmøte med forskingsutvalet og lansering av forskingsresultat frå delprosjekt 2
August 2027	Førsteutkast til manus skal leverast
Januar 2028	Trykkeklaart manus skal sendast til forlaget
April 2028	Lansering av sluttrapport/produkt
Vår 2028	Rapport og rekneskap skal leverast
Desember 2028	Prosjektet skal formelt vere avslutta

Fagleg oppfølging

Den forskargruppa som får tilskot til gjennomføring av prosjektet, har òg ansvar for at prosjektet blir gjennomført i tråd med planane.

Forskningsutvalet til Kulturrådet, som er programstyre for forskningsprogrammet, vil følgje prosjektet tett, blant anna gjennom jamlege arbeidsseminar og dialogmøte. Programmet følgjast opp av ein prosjektleiar i avdeling for kulturanalyse i Kulturdirektoratet.

Formidling

Kulturrådet ønsker i utgangspunktet ein samla publikasjon, ein monografi, som gir ei heilskapleg, samanhengande framstilling av resultata. Ambisjonen er at publikasjonen skal kunne gjevast ut i Kulturrådet sin fagfellevurderte bokserie. Bokserien er tilgjengeleg både i papirtrykka og digital utgåve, og det er mogleg å legge til digitale tilleggselement i publikasjonen, som lyd, bilete, video og datasett.

Kulturrådet er samstundes opne for andre formidlingsformer, eventuelt i tillegg til monografien.

Nye data som blir henta inn gjennom prosjektet, skal i størst mogleg grad gjerast tilgjengeleg for deling og vidare bruk.

Kulturrådet legg stor vekt på god formidling.

Delutlysing 2

Sjá programnotatet for skildring av tema og forskingsspørsmål knytt til delutlysing 2.

Innretning

Det blir utlyst tilskot til ein serie mindre forskingsprosjekt. Prosjekta kan gjennomførast av individuelle forskarar eller mindre forskarteam. Inntil åtte prosjekt får tilskot. For å sikre god dialog og kunnskapsutveksling, vil det vil bli arrangert arbeidsseminar for alle involverte forskarar.

Kven kan søke

Både individuelle forskarar og forskingsgrupper kan søke. Det er krav om forskingskompetanse, sjá eige punkt lenger ned. Det er ikkje krav om formell tilknyting til ein akademisk institusjon, men søkeren må kunne gjere greie for relevante faglege nettverk som kan vere til støtte for prosjektet.

Økonomi

Det er mogleg å søke om tilskot på inntil kr 500 000 for kvart prosjekt. Tilskotet skal dekke alle kostnader knytt til gjennomføringa av prosjektet.

Framdrift

Tidsramma for forskingsprosjektet er august 2025 til desember 2027. Innanfor denne ramma er tidsplanen tentativ og vil kunne bli endra.

15. november 2024	Utlysing av forskingsprogram
17. februar 2025	Søknadsfrist
April/Mai 2025	Søkarar får svar
August 2025	Formell oppstart av prosjektet
September 2025	Oppstartsseminar saman med forskarar i delutlysing 1
Oktober 2025	Seinaste oppstart prosjektarbeid
Mars 2026	Eventuelt arbeidsseminar saman med forskarar i delutlysing 1
Mai 2026	Frist for levering av førsteutkast til artiklar
August 2026	Tilbakemelding artiklar
November 2026	Eventuelt dialogmøte med forskingsutvalet
Desember 2026	Trykkekla artikkel skal sendast til forlaget
Mars 2027	Lansering av publikasjon
Juni 2027	Rapport og rekneskap skal leverast
Desember 2027	Alle prosjekta skal formelt vere avslutta

Fagleg oppfølging

Den forskaren eller forskargruppa som får tilskot til gjennomføring av prosjektet, har òg ansvar for at prosjektet blir gjennomført i tråd med planane.

Kulturrådets forskingsutval, som er programstyre for forskingsprogrammet, vil følgje prosjektet tett, blant anna gjennom jamlege arbeidsseminar. Programmet følgjast opp av ein prosjektleiar i avdeling for kulturanalyse i Kulturdirektoratet.

Formidling

Kulturrådet forventar minst éin forskingsartikkel som kan inngå i ein antologi publisert i Kulturrådet sin fagfellevurderte bokserie. Artikkelen skal teikne eit heilskapleg bilde av den tematikken den utforskar. Den bør slik kunne løfte eit overordna perspektiv og ikkje bli for partikulær. Bokserien er tilgjengeleg både i papirtrykka og digital utgåve, og det er mogleg å legge til digitale tilleggselement i publikasjonen, som lyd, bilete, video og datasett.

Kulturrådet legg stor vekt på solid formidling.

Krav til kompetanse

Det er krav om forskingskompetanse (doktorgrad eller tilsvarande) innanfor relevante fagområde for prosjektleiar og sentrale prosjektdeltakarar. Vitskaplege assistenter og liknande deltakarar kan skrivast inn i søknaden, men treng ikkje forskingskompetanse.

Stipendiatar som har levert avhandling, men ikkje disputert, kan søke eller vere deltakar i ein søknad. Avhandlinga må vere godkjent før oppstart. Kulturrådet trekk tilbake tilskot om ikkje avhandlinga blir godkjent innan forventa tid.

Stipendiatar som *ikkje* har levert avhandling, men som nærmar seg levering, kan òg søke eller vere deltakar i ein søknad. Det er krav om stadfesting frå rettleiar om snarleg levering. Avhandlinga må vere godkjent før oppstart. Kulturrådet kan trekke tilbake tilskot om ikkje avhandlinga blir godkjent innan forventa tid.

Forskningsresultat, formidling, aktivitetar

Forskningsresultata skal vere av høg kvalitet. Dei skal formidlast på ein god og tilgjengeleg måte for et allment interessert publikum. Formidlingskvalitet inngår i vurderinga av søknadane. Alle søknadar skal innehalde ein formidlingsplan, sjá eige punkt.

Kulturrådet reknar ferdigstilling av manus til publisering som en eigen prosess. I tillegg til dei faglege kvalitetane som blir vurdert i fagfellevurderinga, sett Kulturrådet krav til formidlingskvalitet. Det er utarbeidd ei eiga forfattarrettleiing som alle må følgje. Både forskningsutvalet, eventuelle redaktørar og prosjektleiar i sekretariatet til Kulturrådet kan bidra som aktive fagpersonar i lesing og vurdering av manus.

Kulturrådet forventar at prosjektdeltakaren deltar aktivt på seminar og konferansar som er knytt til forskningsprogrammet. Vidare forventar Kulturrådet at prosjekta bidrar med korte prosjektskildringar som kan bli publisert på nettstaden til forskningsprogrammet, og med presentasjoner, føredrag eller forskningsintervju undervegs i prosjektperioden. Budsjetta må ta høgde for reisekostnader til to seminar i Oslo-området.

Språk

Kulturrådet har eit mål om å bevare og utvikle norsk som forskningsspråk innanfor kunst og kultur, og publikasjonane til Kulturrådet er derfor i hovudsak på norsk.

Arbeidsspråket til forskningsprogrammet vil vere norsk og skandinavisk. Manusbidraga skal vere på norsk, dansk eller svensk. Engelsk kan bli godkjent i særskilte tilfelle.

Om bokserien til Kulturrådet

Kulturrådet sin fagfellevurderte bokserie blir nytta til å publisere vitskaplege artikkelsamlingar og monografiar som gir kunnskap om tendensar og saksforhold i kunst- og kulturlivet, og som bidrar til nye omgrep og kritisk refleksjon. Publikasjonane skal ha relevans for Kulturrådet si eiga verksemd, for kulturpolitikkutforminga, for forsking og undervisning, og for aktørar og andre interesserte innanfor kunst- og kultursektoren.

Utgjevingane i bokserien skal halde høg vitskapleg kvalitet og formidle ny innsikt. Forskinga skal bygge på relevante vitskapelege metodar og ha eit solid teoretisk fundament.

Utgjevingane skal vere prega av ei undersøkande haldning overfor det feltet dei studerer, og samla skal utgjevingane i bokserien ivareta eit breitt spekter av kunnskapstradisjonar og perspektiv.

Utgjevingane skal vere tilgjengelege og leseverdige òg for lesarar som ikkje er fortrulege med det aktuelle fagfeltet.

Forskningsutvalet til Kulturrådet er redaksjonsråd for bokserien og avgjer kva for bøker som skal bli publisert. Forskningsutvalet og Kulturrådet sitt sekretariat i Kulturdirektoratet tek ei aktiv rolle i kvalitetssikring av bøkene.

Søknad

Søknaden til kvar av dei to delutlysingane skal innehalde følgande element:

- 1) Prosjektskildring
- 2) CV for kvar av prosjektdeltakarane

Send søknad til: post@kulturdirektoratet.no

Merk søknaden enten «Kulturbruk, publikum og deltaking. Del 1» eller «Kulturbruk, publikum og deltaking. Del 2»

Søknadsfrist: 17. februar 2025

Det må også vere tydeleg merka i prosjektskildringa og CV-ane kva for del av prosjektet det blir søkt støtte til.

Prosjektskildring

Det er utvikla ein eigen mal for prosjektskildring som skal nyttast. Denne inkluderer også ei rettleiing til innhaldet i prosjektskildringa. Sjå eige dokument for mal for prosjektskildring.

Prosjektskildringa skal innehalde følgande element:

1. Prosjekttittel
2. Samandrag
3. Relevans for utlysinga
4. Bakgrunn: status for forskinga og kunnskapsbehov
 - a. Tidlegare forsking
 - b. Kunnskapsbehov og prosjektmål
5. Forskingsspørsmål
6. Teoretisk tilnærming
7. Metodisk tilnærming
8. Prosjektorganisering og -gjennomføring
 - a. Arbeidspakkar (for del 1)
 - b. Arbeidsfordeling og organisering av arbeidet
 - c. Framdriftsplan
9. Utfordringar og risiko
10. Formidling av kunnskap
11. Budsjett
12. Litteratur- og kjeldeliste

CV

Søknaden skal innehalde en kort CV for alle involverte forskrarar, inkludert ei liste med maksimalt ti relevante publikasjonar. Det er utvikla ein eigen CV-mal som skal nyttast. Sjå eige dokument for mal for CV.

Programstyre og vurderingskriterium

[Forskningsutvalet](#) til Kulturrådet er programstyre for forskingsprogrammet. Programstyret har blant anna ansvar for vurdering av søknadane og for fagleg oppfølging og kvalitetssikring undervegs.

I vurderinga av søknadane blir det mellom annen teke omsyn til:

- fagleg kvalitet

- formidlingskvalitet
- relevans for forskingsprogrammet
- kompetanse
- gjennomføringsevne

I den heilskaplege vurderinga av søknadene vil det mellom anna bli teke omsyn til mangfold i erfaringar, perspektiv, institusjonell tilknyting, geografi og anna.

Kontaktperson

Ragnhild Torvanger Solberg